

# *Radar*

2014 nr. 4

Kyrkjeblad for Radøy sokn

30.årgang





## DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger  
Tlf 5634 9840

[www.kirken.no/radoy](http://www.kirken.no/radoy)

Dagleg leiar Audun Sylta  
901 95 179

Kontorfullmektig  
Hilde Marit Solend  
5634 9840

Sokneprest Kjell Sækkingstad  
951 41 360

Prostiprest  
Marianne Støylen Skauge  
472 34 796

Trusopplæringsmedarbeidar  
Willem Vogelaar  
479 73 670

Organist J. William Kay  
915 91 482

Dirigent Radøy damekor  
Jüraté Norkuviené  
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane  
Arne Palmesen  
911 53 484

Kyrkjetenar  
Berit Karin Vogelaar  
942 42 233

Kyrkjetenar  
Marta G. Hvidsten 909 18 214

## Nytt frå dagleg leiar



Året vårt starta med uromeldingar frå dei tilsette om knakelydar i Manger kyrkje når det var sterk vind. To selskap har føretatt målingar og undersøkt kyrkja. Rapportane konkluderer med at kyrkja er ustabil og må sikrast. Dei har laga planar for oppretting og sikring og i haust har vi venta på godkjenning frå Biskopen i

Bjørgvin og Riksantikvaren. Førebels godkjenning ligg no føre og vi reknar med at vi skal få på plass formalitetane over nyttår. Radøy kommune har som alltid synt stor vilje til å finna gode løysingar saman med oss. Vi vonar at kommunestyret går for rådmannen sitt budsjettframlegg slik at finansieringa kjem på plass.

Når vi kjem i gang med arbeidet vil det diverre ikkje vera mogeleg å ha aktivitet i kyrkja i periodar. Ein del av gravplassen må også stengast. Dette er naudsynt både for å få utført arbeidet og grunna tryggleiken til tilsette og publikum.



Rikstad gravplass har fått litt opprusting i 2014. Til erstatning for ein hekk har vi laga gråsteinsmur og nyplanting. Det har også kome opp eit lite hus

som skal romma avfall og ha vannkran. Takk til Vigdis og Harald Villanger for skifer til taket. Alt arbeid er utført ved hjelp av våre eigne allsidige utarbeidarar. Det skal også koma lys ut på nyåret.

Nok ein gong er vi inne i adventstida og kan sjå fram mot jul og julefeiring. Året går fort og i ein travel kvardag tek ein seg i å tenkje litt på kvar året vart av. Det er godt å ha mykje å gjera men også fint å gå inn ei tid der vi skal ta det litt rolegare og sjå oss tilbake.

Elles har vi mykje å gleda oss over i året som snart er slutt. Vi har stort sett god oppslutning om gudstenestene og dei alle fleste på Radøy kjem til kyrkja for å døypa borna sine. Barnekora har mange deltakarar og leiarane der gjer eit flott arbeid. Trusopplæringa har også fått eit stort løft gjennom vår nye trusopplæringsmedarbeidar som vi deler med Austrheim og Fedje.

Utan frivillig innsats er det mange tiltak som stoppar opp og dei er ein stor ressurs i kyrkja. Vi er heldige som har mange trufaste frivillige som vi også i år skuldar stor takk.

Vi ynskjer dykk alle ei fredfull julehelg og eit godt nytt år.

*Audun Sylta  
Dagleg leiar*

## Eit barn er fødd på kyrkjebakken

**Awe Andrea er fødd på flukt, lykkelig uvitande om konfliktane i Sør-Sudan og om faren som kjempar nokon sin krig ein eller annan stad. Mamma Cecilie sitt fang er hennar eige trygge, vesle verd.**

Då borgarkrigen i Sør-Sudan blussa opp, ga soknepresten i Don Bosco flyktningane lov til å slå seg ned utanfor kyrkja. I dag er det ni hundre menneske som bur på kyrkjebakken, dei aller fleste kvinner og born. Kirkens Nødhjelp sikrar dei reint vatn, hygieniske sanitærforhold og anna naudhjelp. Men heile tida kjem fleire til, nye flyktingar og born fødd på flukt. Vesle Awe Andrea er ein av dei.

Ho blei fødd i det same teltet som eitt av syskena hennar døyde i for berre nokre

*Held fram på side 4*



### Forts. frå side 3

månader sidan. Mora Cecilie løftar henne varsamt opp, ammar og voggar babyen med rørslen til ei sjubarnsmor. Hun fortel med den same, rolige stemma om krigen, den dramatiske flukta, dei to borna ho har mista, bekymringane og håpet for dei fem borna som framleis lever.

– Det er ikkje mykje mat, og teltet er ikkje tett. Men vi er glade for å vere ein stad vi kan vere trygge, og at vi har reint vatn. Når krigen er over, kan vi starte på nytt.

### Reint vatn til 108 000

Sidan jul i fjor har borgarkrigen i Sør-Sudan tvunge 1,7 millionar menneske på flukt. Dei fleste flyktningane bur ved FN-basar, i kyrkjer eller under eit tre. Kirkens Nødhjelp har det siste året drive ein omfattande naudhjelpsinnsetning i tillegg til det langsiktige arbeidet i Sør-Sudan.

Så langt har 80 vasspunkt blitt rehabilitert, og 20 nye brønningar har blitt bora, hovudsakeleg i tilknytning til leirar og lokalsamfunn i nærleiken. Det gir tilgong til reint vatn for 108 000 personar. Kirkens Nødhjelp når ut til flyktningane med helsetenester, telt, tepper, kokekar og hygieneartiklar. Men framleis er dei humanitære behova enorme.

### Gi tryggleik til jul!

Kirkens Nødhjelp er Radøy kyrkjelyd sin forlenga arm ut i verda. Gjennom dei kan vi gi husrom, reint vatn og naudhjelp til born som blir fødd inn i krig og kaos, anten det er i Sør-Sudan, Syria, Gaza eller Nord-Irak.

Dersom du tenker deg på julegudsteneste denne jula, håper vi du vil støtte arbeidet vi gjer saman med Kirkens Nødhjelp. Hugs å ta med kontantar til kollekten – og ver med å gi tryggleik i julegåve til borna som treng det aller mest!



*SØR-SUDAN: Då borgarkrigen blussa opp, ga soknepresten i Don Bosco flyktningane lov til å slå seg ned på kyrkjebakken. Her har Cecilie funne ein trygg stad for seg sjølv og dei fem borna hennar. (Foto: Erik Thallaug/Kirkens Nødhjelp)*

# BARNAS -SIDE



## Fargelegg

Teikning: Kari Sortland



## Finn rett skygge



## Vismennene sin labyrint



Hjelp dei vise menn å finne fram til Jesusbarnet! Kva for ein veg skal dei velge?

Dei vise menn kastas skugge inn i huset til Josef og Maria, men berre ein er den rette. Kva for ein?

**nettSPRELL.no**

- Musikkvideoar
- Teiknefilm
- BARNAS-konkurransar

Søndagsskolen si nettside for barn!

**BARNAS**

14 blader + DVD + CD = berre 365,-<sup>BAR</sup>

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,- pr barn

Ting på [barnas@sondagsskolen.no](mailto:barnas@sondagsskolen.no) eller på telefon 22 08 71 00

**TÅRNAGENTENE**

[tarnagentene.no](http://tarnagentene.no)


Tårnagentane sin eigen nettstad!

## Vår nye heim på nettet

Kyrkja på Radøy var tidleg ute med nettsider, først som Manger prestegjeld og dei siste åra som Radøy sokn. Den norske kyrkja sentralt held no på med ei storsatsing på IKT, og for første gong er det no mogleg for lokale kyrkjelydar å bli ein del av "kirken.no"

*www.kirken.no/radøy* er vår nye heim på nettet. Der kan du allereie i dag finne det aller meste av innhaldet frå våre gamle sider, oppdatert og i ny drakt. Publiseringssøvinga er mykje meir fleksibelt enn før, noko som gjer det mogleg for oss å halde sidene oppdatert langt meir enn før. I tillegg vil vi i løpet av 2015 kunne tilby elektronisk påmelding til dåp og vigsel. Sidene oppfyller også DIFI sine krav til tilgjengelegheit og universell utforming, og tilpassar seg automatisk nettbrett og smarttelefon.

Stikk innom [kirken.no/radøy](http://kirken.no/radøy) — om det er noko du saknar er det berre å ta kontakt!



## Bautasteinen og Urnelunden på Hordabø

Nordøst for kyrkja på Bø står bautasteinen. Den vart reist i 1914 til minne om striden for fridomen som landet fekk hundre år tidlegare, i 1814. Steinen vart teken frå Ådnane på Sylta. Det måtte leigast vogn frå Bergen som var sterk nok, og etter to dagar med dugnadsarbeid var steinen komen på plass. Den vart avduka på 100-årsdagen til grunnlova, 17.mai 1914. Vi hadde då hatt eigen konge i 9 år og gleda over at Noreg var sjølvstendig skapte stor høgtid denne dagen.



Urnelunden ligg i fjellet vest for bautasteinen og har tilgjenge frå kyrkjegarden. Etter siste verdenskrig vart det laga ei minneplate som vart avduka 2.påskedag i 1946. På navneplata i bronse finn me navna til dei frå Hordabø som fall på sin post i krigsåra. To av dei har urne inne i berget. Det er laga til med benker og blomar framfor minnelunden som innbyr til fred og takksemnd til dei som ikkje kom att.

### Takk til Arne Villanger



Når vi har ein stad som urnelunden i kommunen er det viktig at det vert planta og elles er velstelt. Det er sikkert fleire som har vore med på arbeidet opp gjennom åra, men Arne Villanger har i alle fall utført arbeidet «i mi tid» som dei seier her i huset. Arne fortel at han tok ansvar for dette når han «kom heim» som han sjølv uttrykker det. I yngre år var han borte frå Radøy grunna arbeid og utdanning. Tidleg på 60-talet kom han tilbake til Radøy og busette seg på garden på Villanger. Arbeidet med planting og stell av urnelunden har han såleis hatt i over 50 år. Han har no i ein alder av 85 år sagt opp og ber om avløyning. Vi har ikkje lyst ut «jobben» men vonar at nokon melder seg til oppgåva sjølv om dei ikkje lovar å halda på like lenge.

Vi vil retta ei stor takk til Arne Villanger for trufast arbeid gjennom i mange år.

Audun Sylta.



## Kyrkjebasar på Hordabø

Søndag 19 oktober hadde kyrkjelydsutvalet i Hordabø kyrkje basar på Hordabø skule. Inntekta skulle gå til innkjøp av stolar til kyrkja.

Me inviterte tidlegare i sommar interreserte til å vera med i ei basargruppe der nokon kunne selja lodd, nokon kunne baka og andre kunne ordna med gevinstar. Det fungerte veldig fint og me fekk mange gevinstar både til loddbøkene og årane. Det kom mykje folk til basaren og me fekk inn godt over kr. 70 000 totalt, både på lodd-salet og årane. Me i kyrkjelydsutvalet er svært takksame for den innsatsen som vart gjort og me vonar me kan koma att ved eit seinare høve og bed om hjelp. Me treng framleis pengar både til stolar og andre ting i kyrkja.

*Ludvig Grindheim*

Grethe Hellesund	Rosemåla skål. Frå Asle og Gudrun Rikstad
Katrina og Ole Kolås	To køyretimar Villanger kjøreskule
Roald Sylta	Dokke med klær
Magnus Skoglund	Dobbel køyretime Christels trafikkskule
Thomas V Marøy	DAB-radio
Signe Sofie Grindheim	Oljelampe
Dagfinn Thomassen	Produktpakke Twiggy
Fam. Ronald Marøy	Strikka gensar
Signe Sofie Grindheim	Juleduk
Bodil og Bernt Bø	Bilvask YX Manger
Fam. Vidar Grindheim	Barnekjole m/strømpebukse
Asgeir Mjøse	Strikka barnegensar
Vigdis Olsen	Juicepresse
Sølvi Saltnes	Bøtte med bilpleiemiddel GT-lakk
Gunnlaug og Andreas Kvalheim	Blenda vaskepulver Felleskjøpet
Mary og Eivind Johnsen	Strikka barnegensar
Steinar Haugland	Ryggsekk Sparebanken Vest
Dorthe Villanger	Gåvekort Bunnpris
Kari Sten Kvalheim	Steikepanne
Helen Skjerven	Bøtte med Bilpleiemiddel GT-lakk
Else Hella	Gåvekort Risnes elektro

## Syng jula inn med Damekoret

Ver med og syng jula inn saman med Radøy damekor. Her vert det både korsong og felles-song. Nathalie Helland skal ha ei forteljing, og kvelden vert avslutta med kaffi og, sidan dette er **Luciadagen, heimelaga Lussekatter. Gratis inngang, kollekt til Mettes minnefond.**

*Laurdag 13. desember kl 18  
i Manger kyrkje*



Magnus Villanger	Sengesett
Trude Ulvatn	Duk
Valgjerd Sylta	Bøtte med Bilpleiemiddel GT-lakk
Laila og Magnus Lilletveit	Dobbelt vaffeljern
Hege Vågenes Solheim	Gåvekort Bygger'n
Alf Ellingsen	Bordløper m.m. Frantzen's gartneri
Kjell Thorgrimsen	Bilpleiemiddel Radøy bil og motor
Margunn og Dagfinn Stordal	Strykejern
Nina Bjørke Drange	Salatsett
Fam. Kristen Risnes	Vannkokar
Else Hella	Dekorasjon
Margunn og Dagfinn Stordal	Såpedispenser
Fam. Kristen Risnes	Middagsett
Eli Sæbø Håland	Gåvekort Princess
Inger Johanne Mellingen	Kaffimaskin
Reidun Dale Haugland	Hylle med krukker
Kåre Vågenes	Bag
Fam. Kristen Risnes	Fruktkorg CoopXtra Manger
Øystein Helle Nordberg	Gåvekort Trim & Trening
May Britt Gjerde	Duk
Klara Rossnes	Orkide Tørkeloftet

## Helsing frå Estland



**På fredagen fikk vi et hyggelig brev fra Norge: 27 barn fra Sør-Trøndelag hadde tegnet bilder og skrevet noen ord på estisk på en barneleir! Når jeg så på de bildene fikk jeg tårer i øyne. Det var SÅ hyggelig og rørende å lese at de hadde lært seg noen ord på estisk og hadde bedt for arbeidet her i Estland. Tenk at barn gjorde det! De bildene skal vi ta med både til Saku og Mustamäe og vise til både store og små. Takk for en hyggelig overraskelse!**

Ellers så har vi i fullt kjørt her i Estland. Søndagsskolene har nettopp begynt og noen nye barn fra sommerleiren har blitt med. Babysang både i Saku og Mustamäe har overrasket med ekstra mange nye sangere (mødre og barn). Gruppene er nesten fulle og det er en stor glede! Vi jobber videre med baby- og barnsang-heftet, slik at nye mennesker og menigheter kan starte opp baby-, småbarns- og barnsang i menighetene sine.

En ny ting i høst er jenteklubb i Saku (sjå bilete side 11). Kristiina, en av frivillige i menigheten, står bak den idéen og gjennomføringen. Det handler om en lørdagsformiddag i måneden, der jenter i alderen 10-15 er invitert. Vi snakker om ting som er relevante for jenter i denne alderen: skjønnhet, nettvett, kvinnekropp, relasjoner, osv. Hver gang inviterer vi en spesialist eller erfaren person som kan fortelle litt om sitt felt. Vi lager alltid mat sammen og spiser, vi ber, leker og koser oss. Selvsagt står det på døra: «No boys!», og kleskoden for oss ledere er kjole eller skjørt. Det er 3-5 voksne jenter med i teamet. Tanken med jenteklubb var å famne de jentene eller «tweens» som er for «store» for søndagsskolen, men for «små» for konfirmasjon eller ungdomskvelder. Ideelt sett skulle vi også hatt en «gutteklubb», men vi har i alle fall fotballarbeid for gutter i samme alder.

NMS' «ettåringer», Elna og Sondre, har også kommet i gang med både estisk språk og arbeidsoppgaver. Det er mulig å lese om deres egne erfaringer fra bloggen til Elna: <http://elnaohlund.wordpress.com/> De er to flotte mennesker med mye engasjement og mot, og de er veldig sosiale. Takk Gud for sånne flotte medarbeidere her i Estland!

Forrige uke var det en gruppe på 11 musikere fra Lohja menighet i Finland på besøk. Dette er Sakus vennskapsmenighet. De er profesjonelle musikere, som spiller klaver, fiolin og cello. De hadde en gratis konsert i Dagsenteret i Saku, der eldre, funksjonshemmede og arbeidsløse møtes på dagtid. Det møtte opp så mange som

førti mennesker, som var veldig bra! Konserten var superflott med klassisk musikk av Sibelius (Finlands nasjonalkomponist). Og alle som var til stede fikk en fantastisk opplevelse. Dette var ingen dagligdags opplevelse for noen av oss! Alle parter var storfornøyde, og det var jeg og 3-åringen vår, Joel, også. Joel satt fint i 45 min på fanget og hørte på klassisk musikk. Eneste kommentar han hadde til slutt var at «Det var veldig høyt».

*Ave Mølster*

*Om oss: Vi er en liten familie på tre som bor i Saku i Estland. Vi ble sendt hit av Det norske misjonsselskap (NMS) for å være med i to menighetsplante-prosjekter. Det ene er i Mustamäe, en bydel i hovedstaden Tallinn. Det andre er i Saku, et tettsted litt lenger sør. Vi flyttet fra Norge til Estland i september 2011.*



*Radøy sokn støttar prosjektet "Kyrkjelydsplanting i Estland".*

*Du kan lesa meir om prosjektet på  
<http://www.nms.no/menighetsplanting-estland/category2254.html>*



## Familiennytt



### Døypte

#### Dåpsdato

28.09.2014 Severin Myrteveit  
 05.10.2014 Cainan Storm Thunestvedt Nigar  
 19.10.2014 Tage Villanger  
 19.10.2014 Lilly Olsvik Marøy  
 01.11.2014 Gardar Ulsmog  
 09.11.2014 Ella Dorthea Dalland  
 09.11.2014 Kristina Askeland  
 09.11.2014 Madelen Jeanette Bendiksen  
 09.11.2014 Lukas Raun Øren  
 16.11.2014 Skage Lunde  
 16.11.2014 Amelia Floen Håland  
 23.11.2014 Stina Mari Eide  
 23.11.2014 Kasper Gunnarsen Haugland

### Døde



30.09.2014 Knut Johan Kopperdal  
 07.10.2014 Finn Rasmus Mellingen  
 17.10.2014 Hanna Smelvær  
 17.10.2014 Magnar Bernhard Taule  
 28.10.2014 Aase Karin Knudsen  
 28.10.2014 Dagfinn Tjore  
 14.11.2014 Signe Marås  
 14.11.2014 Oddvar Haugland  
 21.11.2014 Kjetil Per Kvamme

### Korleis har du det egentleg?

**Kirkens SOS**  
 815 33 300  
[www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)




## Utdeling av kyrkjebok til 4-åringane i Bø og Manger



## Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
21.09 15.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy (2 offer)	5028
28.09 16.sundag i treeiningstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	3231
12.10 18.sundag i treeiningstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	984
19.10 19.sundag i treeiningstida	TV-Aksjonen til Kirkens Nødhjelp	4755
26.10 Bots og bøneda	Sandomstiftelsen	927
09.11 22.sundag i treeiningstida	Stefanusalliansen	3595
16.11 23.sundag i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	3583

	Denne perioden	Hittil i 2014
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	3583,00	10823,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	5028,00	32569,00
Offer til særskilte prosjekt i soknet (orgel, stolar):	0,00	0,00
Offer til andre organisasjonar:	13492,00	93883,00



### KAFFEKROKEN





# Kyrkjevalet 2015

I 2015 er det kyrkjeval, samtidig som kommunevalet. På Radøy skal det veljast nytt sokneråd, og i Bjørgvin skal vi også velja nytt Bispedømeråd. Nasjonalt vert det vald nye representantar til Kyrkjemøtet.

Datoen for valet er 14.september og vi vil halde dykk orientert gjennom Radar og nettsidene våre ([www.kirken.no/radoy](http://www.kirken.no/radoy)) Allereie no kan du lesa meir om kyrkjevalet på [www.kirken.no/valg](http://www.kirken.no/valg)

**Sæbo barnekor startar opp igjen etter juleferien onsdag 7.januar! Me over i Sæbo kyrkje annankvar onsdag frå kl 18-19, 1.-7.klasse. Nye og gamle medlemar er hjarteleg velkomne.**



**Ta gjerne kontakt med Silje Ellingsen for meir informasjon!**

## MANGER GRAVMONUMENT

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale  
[terje.skjelvik@broadpark.no](mailto:terje.skjelvik@broadpark.no)



BLOMSTERFORRETNING  
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

Tannlege  
**Sondre Villanger Håland**  
Grønåltegen 18, 5936 Manger  
Telefon: 56 37 00 40  
[info@tannlege.so](mailto:info@tannlege.so) [www.tannlege.so](http://www.tannlege.so)

Tørkeloftet As  
Blomster & interiør  
Manger Senter  
Tlf: 56374020  
[torkeloftet@gmail.com](mailto:torkeloftet@gmail.com)  
Vi hjelper deg med blomster til alle anledninger.

  
**KVALHEIM EIENDOM AS**  
Idrettsvegen 7 5936 Manger  
Tlf: 56374073  
[kval.vvs@frisurf.no](mailto:kval.vvs@frisurf.no)

  
5936 Manger • Tlf 56 34 98 60  
[www.fiskenett.no](http://www.fiskenett.no)

**Smiths**  
møte- og selskapslokale  
Manger— Ring 56 37 31 11  
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR  
**Rune Ulvatn AS**  
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

*Nordhordland Begravelsesbyrå as*  
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug  
Idrettsvegen 1, 5936 Manger  
Tlf. 56 37 14 10  
Gravferdsbyrå for heile Nordhordland  
[post@nordh-bb.no](mailto:post@nordh-bb.no) / [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

**Vatne**  
Begravelsesbyrå  
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø  
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon  


 **MTI**  
IT SERVICE

**ØKO NOR**  
ACCOUNTOR GROUP  
Tlf 56 35 55 80

**BUNNPRIS**

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

**RISNES**  
ELEKTRO AS  
Elinstallatør - Lampebutikk  
Tlf 56 34 96 20

 SparebankenVest

**REMA 1000**  
bare lave priser

Manger Senter  
07-23 (09-21) 5637 2255



# Vel møtt i kyrkja!

Sjå òg nett-  
sidene våre:  
[kirken.no/  
radoy](http://kirken.no/radoy)

søndag 30. november	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Lys vaken.
søndag 7. desember	1600	Manger kyrkje. Gudsteneste.
	2000	Manger kyrkje. Julekonsert med Maria Urhaug.
laurdag 13. desember	1800	Manger kyrkje. Syng jula inn med Radøy damekor.
søndag 14. desember	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
		Julekonsertar om ettermiddagen. Sjå <a href="http://kirken.no/radoy">kirken.no/radoy</a>
onsdag 17. desember		Skulegudstenester. Sjå <a href="http://kirken.no/radoy">kirken.no/radoy</a>
torsdag 18. desember		Skulegudstenester. Sjå <a href="http://kirken.no/radoy">kirken.no/radoy</a>
onsdag 24. desember	1430	Emigrantkyrkja. Gudsteneste.
	1430	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
	1600	Manger kyrkje. Gudsteneste.
	1600	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
torsdag 25. desember	1200	Manger kyrkje. Festgudsteneste.
torsdag 1. januar	1200	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 4. januar	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 11. januar	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 18. januar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste og søndagsskule.
søndag 25. januar	1100	Sæbø kyrkje. Misjonsgudsteneste.
søndag 1. februar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Utdeling av Bibel til 11-åringane.
søndag 8. februar	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste
søndag 15. februar	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste og søndagsskule.
onsdag 18. februar	1900	Manger kyrkje. Aftansong på oskeonsdag.
søndag 22. februar	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 1. mars	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 8. mars	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 15. mars	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 22. mars	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 29. mars	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,  
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”  
Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*

Oppdatert informasjon om gudstenester og andre arrangement finn du på [www.kirken.no/radoy](http://www.kirken.no/radoy)

Redaksjon: Ludvig Grindheim, Elin Klausen, Silje Kristin Ellingsen  
Utforming: J. William Kay • E-post: [radar@radoysokn.no](mailto:radar@radoysokn.no) • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik  
Bilete: © Kirkerådet (side 14), Willem Vogelaar, Audun Sylta, Ludvig Grindheim, Elin Klausen.



**DEN NORSKE KYRKJA**

Radøy sokn

